

Bygda som sosial konstruksjon

Ho ville berre verte kvitt litt «dårleg samvit», dottera til bror min, då ho leverte søknaden om å få rive den gamle løa som fylgde med tilleggsjorda ho kjøpte fyrst på 2000 talet. No gledde ho seg til ho fekk svaret på søknaden og kunne få fjerne skampletten.

Bjørn Egil Flø

Norsk senter for bygdeforskning



Bjørn Egil Flø har skrivne saka om løa på Flø. Dette er ein kortversjon av eit essay som sto på trykk i *Sosiologisk Tidsskrift* tidlegare i år. (Foto: Bygdeforskning)



AIDENSFIELD? Fylkeskonservatoren kunne ikkje tilrå riving av denne løa på Flø. (Foto: Yvonne Flø)

Men svaret var heller nedslåande. Kommunen hadde sendt saka til høyring hjå Fylkeskonservatoren som gjekk imot riving. Mest interessant var likevel ordlyden i brevet. Grunngevinga bar nemleg lite konservatorfaglege argument i seg. Derimot var argumentet for bevaring at "Flø er ein svært spennande stad...". Og vidare seier konservatoren; "Med tanke på turisme har Flø stort potensiale for å bli ei riktig perle".

Så går konservatoren utanlands og meiner at "Nordmenn verdset dei kvite tette og krunglete greske byane på øyane der", for so å trekke inn "Aidensfield.." som "... sel stort i turismesammenheng i Storbritannia, og sjølv kalde Svalbard er ein stor attraksjon", for til slutt å hevde at "Flø er ein slik stad dersom godt vertskap tek i mot". Derfor kan altså ikkje fylkeskonservatoren tilrå riving.

"Dette er då vanvit", sa ho og såg på meg.

"Kva er det dokke tenker på?"

"Dokke?"

"Ja dei er då sånn som deg alle i hop, universitetsutdanna forstørseppåarar som har gått seg fast i ei fantasiverd og trur det går ann å leve av å selje såpe og lindukar frå ei gamal løe i sørvest kuling og regn".

Frå kuling til Moods

Og nettopp sørvest kuling og regn har vore varemerket for bygda Flø. I styggevetret kom folk i bilane sine for å sjå. Elles var Flø berre ei av fleire grender i Ulstein kommune. Til forskjell frå andre grender fekk ikkje Flø byggefelt, til gjengjeld hadde me ordføraren, noko enkelte også meinte var grunnen til at byggefeltsaka vart trenert i 30 år. Og medan folket krangla om byggefelt, døyde gradvis bygda.

Men fyrst på 2000 talet skjedde skiftet. Nokre arkitektar, skodespelarar, stylistar og baristaer etablerte seg med sine arkitektteikna hus og eigne preferansar om det rurale. Grenda fekk nytt liv og ein ny dimensjon i debatten om kva grenda er og kva den skal vere.

Med etableringa av Moods of Norway sin butikk og det nyopna kunstgalleriet som alt hadde hatt profilar som Damien Hirst på vitjing, vaks Flø fram som eit av dei hippaste reisemåla i regionen. Populariteten kvilar ikkje kun på lyset og estetikken, anna enn også på regionen sin rivande

økonomiske utvikling. Viktigast er likevel innsatsen åt nykomarane sjølve, i kombinasjon med ein generell ny-rural trend der grenedene inngår som perfekt tilpassa representasjonar for ei veksande norsk middelklasse med sans for havlys, blomstra dressjakker og kløyvde oksekalvar på sprit.

Spørsmålet

Det var i denne konteksta at dottera til bror min skulda meg for å vere delansvarleg for vedtaket, og ho har eit poeng. For det er slike som oss som er skuld i dette. Slike Olve Krange og Ketil Skogen kallar representantar for "det statsfinansierte segmentet av middelklassen". Me er agentar for dei autoriserte sanningane og forvaltarar av hegemonisk makt, kontinuerlig opptatt av å skape eit bygde-Noreg i vårt eige bilete. Det er me som gir råda, held foredrag og skriv artiklar om suksessar i bygde-Noreg. Det er me som meiner ei vindskeiv løe på Flø har "... stort potensiale om ein tenkjer seg næringsutvikling og turisme", ingen andre.

Bonden sin reaksjon fekk meg til å tenkje. For kva er det me gjer med bygde-Noreg..., alle oss velmeinande prosjektfinansierte bygdeutviklarane? Har me vorte grendenes nye emissærar, slike som har «sett lyset» og meiner å ha fått kallet om å spreie ein bodskap einast oss sjølve trur på?

Ligg framtida for grendene i fremjing av den «lokale sjarmen» for å verte sett av tilfeldig forbi-passarande? Eller er det einast med på å skape nye og djuptgripande ideologiske spenningar om kva bygda er og kva den skal vere?

Framstegspartiet

«Du veit det er slikt som gjer at me har slik framgang på meiningmålingane», sa kompisen min då eg synte han brevet. Kompisen min var ny-innmeldt i Framstegspartiet og no meinte han at slike brev er med på å fyre opp under folk flest sin grunnleggande mistru til forvaltninga.

Dermed plasserte han løesaka midt inn i debatten som då rasa i den norske offentlegheita. For året var 2007 og landet var i gong med å drøfte kva som var årsaka til FrP sin enorme framgang.

Sjølv hadde eg nett lese ein artikkel av Olve Krange og Ketil Skogen i *Nytt Norsk Tidsskrift*, og tenkte kompisen min kan ha rett. Medan bygdefolk i Øster-

dalen avviser rovdryfarskarane sine bestandsestimat og ignorerer ekspertanes råd om helse og ernæring, undrar folk på Flø seg over kva som held på å skje i forvaltninga som trur det går an å gjere pengar på såpekoking og lindukar.

Pynte dokka

Prosjektmakarar, arkitektar so vel som fotografar, grafikarar, tekstforfattarar og stilistar, alle driver dei aktivt og presenterer grendene og det rurale. Dei framstiller røyndomen slik dei meiner kunden vil ha den, dei flyttar den nyaste traktoren ut av biletet og let den gamle stå. Dei leier mjølkekyra inn på setervollen, vaskar og steller ho og børstar både rompa og panna slik at ho framstår like lytefri som ein pin-up modell i bilreklamane. Bygde-Noreg skal seljast for millionar og då lyt dokka pyntast. Alle bidreg dei til konstruksjonen av ein simulert ruralitet som inngår i den kontinuerlige definisjonen av kva det rurale er og kva det skal vere og fyrer godt under fetisjiseringa av rurale klisjear og mytar.

Kommodifisering

Frå å ha handla om "hard-core" verkemiddel som infrastruktur, distriktstutjamning, kanaliseringsspolitikk og differensiert arbeidsgivaravgift har me sett ei aukande interesse for dei kulturelle faktorane sin betydning for distrikta. Dei agrare grendene har gått inn i den post-produktivistiske tida og frå no av skal det produserast spesialprodukt for middelklassa. Bygdekulturen skal kommodifiserast, og i utmarka som på innmarka vert godar som hittil har vore som fellesgodar å rekne omgjort til kapitalaggregerande varer. Med tillagde verdiar og identitetskappande opplevingar skal det bötast på låge potetprisar. Med "gode historier" og «solskinsbileter» vert bygde-Noreg presentert til liks som ei vare og grendene tek steget inn i den nye økonomien.

Kontraurbanisering

I land som England og USA, har me sett ei tilstrøyming av urbane

menneskjer til bygdene. Dels er dette sett saman med byane sine vekstsmertor og dels med auken av folk i "frie yrkjer". Den utprega fleksibiliteten i desse yrkja, kombinert med god infrastruktur innan transport og kommunikasjonsteknologi, mogleggjer "flukta" frå dei trasige byane til «idylliske» liv i landlege omgivingar.

Men me finn lite kontraurbanisering her heime. Kanskje skuldast det at byane våre er for gode? Eller at det er for kort veg til bymarka og at bylufta er for rein til at ein finn bygda meir attraktiv? Kanskje skuldast det at byens lokalsamfunn har like mykje å tilby som grendesamfunna? Kanskje er tomtene i bustadområda kring byane våre passe store til at me opplever å ha armslag nok? Eller er hyttekulturen vår med på å demme opp for kontraurbaniseringa, "shoppar" me berre ruralitet når me ønskjer det? Treng me ikkje bygda nok til at det slår ut på flyttestatistikkane?

Elitisme

Ideen om den urbane småbarnsfamilien som set og ventar på å realisere draumen om småbruket har likevel sett seg i norsk forvaltning gjennom ei serie av tilbakeflyttarprosjekt og bulystmidlar. Når bygdene gjer seg lekre for unge nyutdanna urbane par, stadfestar dei det veterinær og "riksprovokator" Anne Viken skriv i *Syn og Segn*. Nemleg at: "Norsk distriktmarknadsføring har eit snev av elitisme over seg". Kontraurbaniseringa kviler på eit ønskje om folk i grendene. Samstundes kvilar den på romantiserte kjensler for ein stilisert rural idyll, ein idyll forvalta og dyrka gjennom prosjektmakarane sin bodskap om at alle skal leve ut draumen om det lukkelige livet på landet.

Misstillit og kulturell motstand

I vårt strev etter å gjere oss lekre for turistar, tilreisande og potensielle tilbakeflyttarar, gløymer me kvarandre. Me gløymer bygdefolket og dei som bur og alltid har budd der. Me overser og ignore-

rer kvardagslivet åt bygdefolket og formar bygdene etter det me trur dei andre vil ha.

Budalsbonden Arve Sæter fortel til bladet *Jakt og Fiske* at: "Mange tilflyttere drar sin vei [...], jeg kunne kanskje tenkt meg litt mer fokus på oss som tross alt blir her. Og helst med overskriften; En vanlig familie på landet". Med det illustrerer han den ideologiske spenninga mellom synet på kva bygda er og kva den skal vere. Han set ord på kjensla av å ikkje bli sett og verdsett med det han og hans like bidreg med til bygde-Noreg.

Tilsidesett

For dei trur ikkje på det, bygdefolket. Dei opplever seg tilsidesett og umyndiggjort i den offentlege debatten om kva retning bygdene skal utvikle seg i. I den offentlege debatten om framtidige vegval for bygdene opplever bygdefolket at deira "standing" er redusert, at deira praksis vert utfordra av andre – av nye naboar, besøkande og tilfeldig forbi-passarande. Tradisjonelle rurale interesser vert utfordra med nye aspekt som rein natur, stillheit, estetikk og villmark, aspekt med høg standing i den offentlege debatt livleg forfekta av "buktalaren som snakkar i offentlegheitas namn", for å sitere stjernesosiologen Pierre Bourdieu.

Eg snakka med fleire Flø-folk desse dagane. Og måten dei omtalte løesaka på gav meg assosiasjonar til dei same studiane som Krange og Skogen nytta som grunnlag for sin tidlegare nemnde artikkel. Studiar som syner at vanlege folk sin avvising av offisiell kunnskap er viktige element i eigen sjølvhevding og identitetskonstruksjon. Og eg tenkte det er grunn til å minne politikarar så vel som forskarar og prosjektmakarar på at me treng vere varsame, me treng å erkjenne vår eigen privilegerte posisjon. Me treng å vere vare for kor langt me kan hevde å ha forlate våre eigne førestillingar og interesser i bygdeutviklinga, gitt at det mesta alltid er oss sjølve som har initiert og definert prosjekta.